



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



tru

håp

kjærleik



Trusopplæring 9 år
vår 2024

**“Perler i kransen - leirliv er topp!”
Hareid Kyrkjelyd**



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt



Velkomen til å ta del på trusopplæring for 9 åringane

LEIRDØGN PÅ KJELDSUND LAURDAG 08. - SØNDAG 09. JUNI

LAURDAG KL.18:00- SØNDAG KL.15:30

Overnatting kan vere veldig spanande for denne aldersgruppa og kanskje litt skummelt. Det går sjølvsagt an å sove heime for dei som ynskjer det.

Kjeldsund ungdomssenter er eigd av Det Norske Misjonselskap og ligg i Herøy kommune. Vi leiger oss inn og har ansvar for alt programmet, maten får vi servert.

Borna treng å ha med seg sovepose (ev.sengtrekk), laken, klede og sko til å vere ute og inne.
Dei vert plassert på 3-4 sengsrom.



Kva skal vi gjere

Kristuskransen:

Hovudtema er Kristuskransen der vi lærer om Gud -dåpen - meg sjølv - bøn.
Alle lagar kvar sin krans og får med heim.

Songar

Vi lærer songar som knyter seg til alle perlene i Kristuskransen. Kanskje blir det kor?!

Leik og moro!

Når vi er på ein slik plass vert det mykje leik og moro både ute og inne. Det er mulig å bruke både båt og kano, sjølvsagt med redningsvest(er på staden) og saman med vaksne.

Avslutningssamling

Søndag kl.14.30 inviterer vi til avslutningssamling i møtesalen der vi viser kva vi har lært gjennom sang, drama og historier.

Påmelding snarast og seinast 05.juni kl.16

Dersom vi skal få til dette, treng vi vaksne som er med, enten foreldre eller storesysken over 14 år.

VIPPS kr.150,- som påmeldingsavgift til 16290

merk med barnet sitt namn, då blir påmelding registrert.

Restbeløpet kr.450,- betalar de inn seinast dagen før leirstart
kontonr. 4213.40.35026

Kontakt oss:

Har de spørsmål vedrørende samlinga så ta kontakt.
Kyrkjekontoret: 70 09 51 30 / sms: 92 09 01 74 (påmelding)
e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

Påmelding - Trusopplæring 9 år

Påmelding innan fristen er viktig!

Det kan gjerne gjerast på telefon 70 09 51 30 eller SMS 92 09 01 74.

Svarslippen kan sendast i posten, eller pr. straumpost

- Som føresett vil eg at
- Som føresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.

Eg kan vere med som leidar deler av leiren _____ heile tida

Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbytte av samlinga kan de notere det her:

Kontakttelefon

Underskrift føresatt